

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Svolvær.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Eikre

Gard: nr.18. Br.nr.1 og 2
(Vågan)

(adresse): Svolvær.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Heimelsmann: Snekker Joakim Kaasbøll, 82 år. Budd all si tid i Svolvær. Opplysingane heilt pålitelege.

SVAR

Fiskeværet Svolvær hadde, før det vart by 1918, 2 bruk.

Det var dei 2 væreigarane som hadde kvar sitt.

Berg, Svinøy, hadde 12 kyr, ikkje hest. Støl på øversida av Svolvær-vatnet. Bruket er no flytta i utkanten av byområdet og heiter A/S Stranden Gårdsbruk. Driv no moderne. Størmer, Øverværet, hadde 10 kyr. Omkr. 1890 fekk bruket ein hest, men her var svært lite å gjera for hest. Ingen vegar og svært lite flatlende. Handelshuset vart flytta frå Øverværet til Lille-øy. Fjøset fylgde med. Bruket hadde ikkje støl, men sommarfjøs i Knutmarka. Både den og stølen til Berg-bruket er på Austvågøya. Av Størmerbruket er no att eit fjøs og ei ku.

I Øverværet og på enkelte av øyane elles var litegrand slåtteland. Elles hausta hovudbruka i fjellet som alle dei andre i fiskeværet. (Sjå seinare)

Dei 2 hovudbruka hadde tilsaman 8 husmenn. Dei hadde 14 dagar pliktarbeid i torv- og slåttonn. Dei fekk tilvist faste plassar i fjellet, der dei fekk finne for til husdyra sine. Enkelte hadde ei ku, dei andre geiter. Elles hadde alle fastbuande geiter. I alt var her omlag 200 geiter i fiskeværet. Dei som ikkje var husmenn, festa ei tuft på ei øy eller ein holme, på si og kona si livstid.

Foret til geitene sine måtte dei finne der hovudbruka og husmennene ikkje høysta: På særleg avbakelege plassar og høgt oppe i fjellskorene.

Slåtten vart soleis drive so å si alle stader der folk kunde koma til - med langorv og stutturv.

Her er svært ulendt. Verre var det før her kom vegar.

Transporten av høyet gjekk slik for seg:

Det råde høyet vart bore ned til sjøen eller vatnet. Dei brukte tau å bera i. Det vart lagt dubbelt, endane vart stukke inn i bukta, so drog dei åt med ein part til kvar kant. Dei var oftast 2 i lag. Eine taupartem slo dei eit rundstikk med, og so tok dei ~~dei~~ ^{Hav stod bak.} partane over hovudet. Var det råd, fekk dei ein til å heise bera opp. Elles la dei ho på ein stein eller i bratte bakken, so dei kunde få ho godt opp på skuldrane. Der det gjekk an, stappa dei høyet i sekkar som var bunde av snøre og trilla sekkene nedover. Ein mann hadde gjerne 6 - 8 snør-sekkar. Låg slåttelandet ut mot sjøen, bar eller trilla dei høyet dit, og so rodde dei det heim og tørka det på bergknausane eller markebitane. Rundt Svolver-vatnet var mykje slåtteland. Det vart høyet bore eller trilla ned til vatnet, rodd til ned-enden og bore over eidet ned til sjøen og so rodd heim. Høyet blei ikkje tatt ut av sekken eller borbundet før det var helme. All transport gjekk for seg om sommaren. Høyløer eller høystakkar ute i slåttemarka fanst ikkje. Det vilde

vel vore endå verre å få det heim då, og desutan dreiv mennene fiske om vinteren. I 90 åra vart det bygd ein vegstubb mellom Svolver-vatnet og sjøen. Då kom trillebør i bruk. Andre måtar å få fram høyet på var ukjende.

Dei sanko noko dei kalla "molfor". Det var rot av bregne (som her heiter blom), og det var dyra svært glad i.

Felles-slått hadde dei ikkje. Kvar krafsa til seg.

Dei store bruks hadde sjølsagt likaste slåttelandet, men dei måtte bruke same transportmåtane. Dei kjøpte og ein del høy -helst nordfrå. Ikkje som no frå Trøndelag.

No finst det ikkje ei geit i Svolver. Ikkje eit strå blir hausta i dei gamle fjellslåttene.

x) Snøre): Hampsnøre. Uvanleg sterkt. Brukt i fiskereid- skapen line. Maskene i snør-sekken var som i ei grovmas- ka not. (Sei-not)